



Høyanger kommune

eld kraft vatn

FYSIKALSK MEDISIN OG REHABILITERING

INFORMASJON

- om tilvising til ergo- og fysioterapitjenester

Eining for fysikalsk medisin og rehabilitering består av ergoterapeut, kommunalt tilsette fysioterapeutar og fysioterapeutar med driftsavtale (private).

Ergoterapitjenesta handsamar brukarar i alle aldrar med aktivitetsvanskar, tilrettelegging av omgivnadene og hjelpemiddel.

Kommunale fysioterapeutar handsamar primært pasientar/ brukarar med samansette vanskar i alle aldrar. Det føreligg ofte samarbeid mellom fleire tenester. Private fysioterapeutar har mest pasientar/ brukarar som kan oppsøke instituttet og har problemstillingar innafor muskel og skjelett plager. Kommunal og privat fysioterapitjeneste fordeler pasientar/ brukarar mellom seg ved behov. Send difor tilvising til ein stad.

Frå 01.01.2018 treng ikkje pasient/ brukar tilvising frå lege, manuellterapeut eller kiropraktor for å få behandling hjå fysioterapeut. Pasient /brukar vil likevel ha rett til eigenandeltak 2 (frikort) frå trygda, etter «Forskrift om stønad til dekning av utgifter til fysioterapi» og «Folketrygdlova».

- Pasient/ brukar kontaktar terapeutane direkte for å legge fram problemstillinga.
- Skjemaet «Tilvising til ergo- og fysioterapi» skal nyttast ved behov for teneste. Skjemaet ligg på kommunen si heimeside og på venteromma ergo- og fysioterapi samt legekontora.
- Lege, manuellterapeut eller kiropraktor kan framleis tilvise til tenestene.

Tilvisingane vert handsama på vanleg måte med vurdering etter vår prioriteringsnøkkel. Terapeutane vil deretter vurdere behovet for behandling. Om nødvendig, ber eininga om utfyllande utredningar og/eller kallar inn til ein kartleggingstime. Pasient/ brukar vil få tilbakemelding.

Ved spørsmål kontakt:

Ergoterapi- og kommunal fysioterapitjeneste:
Eining for fysikalsk medisin og rehabilitering
Storgata 10
Pb 159, 6991 Høyanger
Tlf.: 57711500

Fysioterapeutar med driftsavtale:
Fysioterapiklinikken Høyanger
August Gunnarskogs gate 2
Pb. 29, 6991 Høyanger
Tlf.: 57713480